

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: ~~Herad~~ Bjerkreim

Emne: Veving

Bygdelag: Bygda Nedre bygda

Oppskr. av: Jørgen Skjæveland

Gard: Helland

(adresse): Vikera

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Anna Skjæveland, Helland, Bjerkreim, f. 1871.

SVAR

Veving.

1. Vadmal (uttalast: vebmål) var av ull. Vævet (venninga) var fast spünne og væptat (innslattet, islattet) var løst spünne. Ty som var firskeft (firskefta) var mjukare enn tvískjeft (tvískefta). Mannsklede, gje klede var av vadmål, vove tvískjeft av kvitt ullgarn og stampa og farge i byen. I eldre tid vart tyet stampa på stamper i bygda. I eldre tid gjekk mannfolka au med sjurter av stripet tvískjefta vadmål og om vinteren ei tjukk spött matt-tjøye.
2. Kvinneklede var au av "vebmål", farge og perst i byen, då vart tyet så blankt. Så hadde dei eit kjolety dei kalla "stoff", vævet var av bomull og væptat av rane-ull og farge med kvar sin ulik farge og vove tvískjeft.
3. Underklede var av vadmål, både hjå mann og kvinna. For 100-150 år siden hadde ikkje kvinnene bukser, men gjekk i fotside stakkar og varme understakkar av vadmål eller

av spött ullgarn.

4. Sengeforheng var av kjøpt "rossete" bomullstyg.

5. Kvittlane (ullteppe) var av førstkjefte vadmal.

Skulle dei vera fine, hadde ein gjerne nokre farga tverrband (veptet). Sengeteppe kalla dei åkla. Dei hadde tjukt bomullsvarp og farga ullan (= av ull) til vept. Dei vart vovne rossete (Sjå m. II). I dynevar og putevar var varjet bomull og vept av guse slag farga ullgarn. Mynstret vart då tverrstripet av mange slags fargar, breidare og smalare band tvers over vette vevet.


6-7. Bordduk, handklea o. l. vart ikkje vove i gamle dagar.

8. For 50 år sidan tok dei til å veva golvdekke. Dei hadde tjukt bomullsgarn til vaap og oppklypte fille-stimler til vept. Så sette dei saman desse farga bystimlene til guse tverrstripet fargemønster.

II Strijet by, då var varjet einsfarga og vept av guse fargar.

Rüfjet by, då var både vaap og vept av guse fargar.

Rossete by kunne bare dei beste vevarene laga. Dette mynsteret ^{i dette åkla} kallast ringvove.



Det er vove på Heloland i Bjerkheim före 1870 og

er plantefarga beine, fargane er kvitt, gult og
brunt. "Dokkeäklæ" vert "dokkevove". Di
var det mange figurar. Det var mann- og
kvinne-figurar (dokker) som stod i bänder,
krokar og krossar i guse farger. Det var
dei mest kostbare äklæa.